

Sjølvforsyning: Fagfolk tvilar på SV-medisin

2022-06-15

© Nationen

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

8 • NYHETER

NATIONEN • ONSDAG 15. JUNI 2022

• Jordbrukoppgjøret



Matproduksjon: SV-forslaga vil truleg ikkje gi auka sjølvforsyning, ifølgje Nibio-forskar Ola Flaten, som trekker fram heilt andre grep for å auka produksjonen av mat og for her i

Sjølvforsyning: Fagfolk tvil

SV-forslaga om endringar av jordbruksavtalen gir truleg ikkje auka sjølvforsyning, ifølgje fagfolk, som har meir tru på andre grep.

SV har vendt tomelen ned for jordbruksavtalen som bondeorganisasjonane har inngått med staten.

Partiet går i staden inn for fleire endringar i avtalen ut frå eit ønske om å bidra til auka sjølvforsyning med mat. Forslaget får òg støtte frå Miljøpartiet De Grønne (MDG) og Rødt.

– Må tenke langsiktig

I forslaget tar SV til orde for å kutte 296 millionar kroner i den mellomste prisedskrivninga for importerte råvarer til kraftfôr og nær 148 millionar kroner i kvalitetstilskotet til storfekjøtt. Til saman er kuttet på 443,4 millionar kroner.

I staden vil partiet plusse på

208 millionar kroner på ulike tilskotsordningar til alt frå husdyr til beite og utmark for storfe, hest, sau, lam, geit, ammegeit og ammeku.

I tillegg tar SV til orde for 100 millionar kroner i auka mjølkepris og 135 millionar kroner i auka planlagt gjennomsnittleg engrospris (PGE) for svin.

Fagfolk seier endringane truleg ikkje vil føre til auka sjølvforsyning og drar i tvil om grepa er rett medisin for å auka sjølvforsyning. Enkelte element kan ifølgje fagfolk endå til dra i motsetning.

– Eg trur ikkje dei forslaga vil føre til særlege endringar i sjølvforsyninga, men forslaga fører til ei omfordeling av inntekt mel-

lom ulike gardsbruk. For dei som ikkje fyller mjølkekvoten i dag, så kan forslaget om auka mjølkepris isolert sett stimulere til meir bruk av kraftfôr, seier Ola Flaten, forskar ved divisjon for matproduksjon og samfunn i Norsk institutt for bioøkonomi (Nibio).

Han seier samanhengane kan vere svært komplekse og at ulike grep kan gi ulike utslag i ulike delar av landet og ulike produksjonar.

Flaten seier det er gode grunnar til å tenke nøye igjennom effekten før ein legg fram nye forslag.

– Det kan fort bli litt kjøpe forslag når politikarar skal blande seg inn. Skal ein ta grep for å auka sjølvforsyninga, så bør dei vere gjennomtenkte og ein må sjå langsiktig på det. Ulike tiltak slå ulikt ut i ulike produksjonar og regionar. Det bør ein tenke grundig igjennom for ein gjer endringar, seier Flaten.

Forsking og utvikling

Flaten trekker fram at mykje av

dei importerte råvarene til kraftfôr blir brukt til fjøfôr, i tillegg til ein del til gris og mjølk. Han viser til at det blir forska på bruk av alternative norske råvarer, men det er ifølgje Flaten truleg fleire år fram i tid før ein ser resultat i praksis.

Meir forsking og utviklingsarbeid på det feltet kan ifølgje Flaten vere eitt tiltak i prosessen mot å auka sjølvforsyninga. Andre grep, som meir saktevekst og ekstensiv drift på kylling, kan verke i motsetning ifølgje Flaten.

– Ja, meir ekstensiv drift fører til meir bruk av kraftfôr per kilo kjøtt. Det er ikkje sikkert at det er tiltak som gir meir sjølvforsyning, seier han.

Ifølgje Flaten kan forslaget om å auka engrosprisen (PGE) på svin òg fort vise seg å vere «luft-pengar».

– Pussige tiltak

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, seier

òg det er høgst usikkert om endringane SV tar til orde for vil gi auka sjølvforsyning.

– Det er vanskeleg å sjå at desse tiltaka vil gi nokon auka i sjølvforsyninga utover det som alt er gjort av tiltak i jordbruksavtalen, seier Smedshaug.

Han kallar fleire av tiltaka «pussige».

– Dei grepa som skal stimulere til meir norsk produksjon svarar ikkje på det som er mogleg og potensial, seier Smedshaug.

Han trekker i staden fram betre grovførkvalitet og større proteininnhald som ein alternativ veg å gå om ein ønsker å få ned kraftfôrbruken og ta i bruk meir norske grovførresursar.

– Betre rettleiing, gratis fôrprovar og tilskot til omlegging og fornying av gras kan gi effekt, seier Smedshaug.

Smedshaug seier det òg er pussig at SV i forslaget tar til orde for politisk styring av engrosprisen på gris. Målprisen på gris er fjerna og det er i dag Nortura



ndet på lengre sikt.

Foto: Privat

Fakta

Jordbruksoppgjøret

- Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag møter kvart år staten for å forhandle om vilkåra for matproduksjonen. Partane blei einige om ein jordbruksavtale den 16. mai. Næringskomiteen på Stortinget la fram innstillinga 8. juni.
- Kravet var på 11.567 mill. kr. Rundt to tredelar går til å dekke kostnader. Resultatet ville ifølgje jordbruket bli 100.000 kr til tetting av inntektsgapet.
- Staten la fram eit tilbod om 10,15 mrd. kr. Reelt ca. 2,7 mrd. kr mindre enn kravet. Ramma er på 7 mrd. kr for 2023 mot vel 9,8 mrd. kr i kravet. Resultatet ville ifølgje staten bli rundt 30.000 kr til tetting av inntektsgapet.
- Avtalen skal kunne tette inntektsgapet med 40.000 kr pr. årsverk. Samla inntektseffekt er rekna til 64.000 kr pr. årsverk fordelt på 2022 og 2023 utover inndekking for siste års inntektssvikt. Samla sum er på 10,9 mrd. kr.



Einige: Landbruks- og matminister Sandra Borch (Sp), leiar Bjørn Gimming (t.h.) i Norges Bondelag og leiar Kjersti Hoff i Norsk Bonde- og Småbrukarlag (t.v.) blei einige om ein jordbruksavtale, men mange opposisjonsparti på Stortinget er ikkje nøgde og går inn for fleire endringar.

Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB



Kjersti Hoff: Leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil ikkje kritisere Stortingets behandling av jordbruksavtalen.

Foto: Vidar Sandnes

Kjersti Hoff: Positivt at politikere vil diskutere jordbrukspolitik

Norsk Bonde- og Småbrukarlagets leder sier hun er positiv til at politikere diskuterer hva slags landbruk de vil ha, men forventer støtte for avtalen.

Nylig leverte Stortingets næringskomité sin innstilling i behandlingen av årets jordbruksavtale. Der kom det fram en rekke endringsforslag fra de ulike partiene på Stortinget.

Regjeringas nærmeste forhandlingspartner SV har heller ikke gitt uttrykk for at de vil støtte jordbruksavtalen.

Partiets næringspolitiske talsperson, Torgeir Knag Fylkesnes, har uttalt at avtalen i for liten grad bidrar til en endring i norsk jordbrukspolitik som sikrer økt selvforsyning, bruk av norske gressressurser og reduserer avhengigheten av utenlandske forråvarer.

Det har resultert i at SV og andre opposisjonspartier har kommet med en rekke merknader og konkrete forslag i arbeidet med jordbruksavtalen i Stortinget. Norges Bondelag har vært kritisk til Stortingets iver til å gjøre endringer i jordbruksavtalen.

– Dette er storpolitikk

Kjersti Hoff, leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, mener derimot at det er positivt å se engasjementet for norsk jordbrukspolitik.

– Det må være svært positivt at vi nå har et storting hvor alle partier er med og diskuterer jordbrukspolitik og jordbruksavtalen, og at våre stortingspolitikere er opptatt av norsk matproduksjon og reell matsikkerhet, sier Hoff.

Det sier Bonde- og Småbrukarlederen selv om hun ikke er enig i alle merknadene.

– Jeg ser at alt de foreslår i merknader til jordbruksavtalen ikke er like riktig, eller henger helt sammen med det som faktisk kan løses i jordbruks-

avtalen. Men jeg synes ikke det er det aller viktigste nå, det viktigste er at dette er storpolitikk, sier hun.

Hoff mener det tydeliggjør retningen de ulike partiene ønsker at jordbruket skal gå i.

– Når alle partier nå har merknader og innspill, får vi også et godt bilde av hvordan de ønsker retningen i norsk jordbruk og matproduksjon, og hvordan de ser på løsninger for å sikre mat i landet vårt, sier Hoff.

– Ikke et problem

Høyre og Frp har blant annet tyret et ønske om å skrote målprisreguleringene, noe som ville redusert bonders inntektsmuligheter med 1,2 milliarder kroner. Det vil også ramme skjev med tanke på at det kun er enkelte produksjoner som har målpris, blant annet melk og korn.

Hoff er svært skeptisk til forslagene fra Høyre og Frp, men hun mener SV er inne på en del interessante forslag.

– SV vil premiere norske forressurser og dermed øke norsk selvforsyning. Ja, noen kreative forslag, men viktige signaler for å følge opp regjeringens mål i Hurdalsplattformen og det faglagene også har pekt på lenge. Rødt, MDG og Venstre følger også opp dette, og disse fire partiene har flere merknader sammen, sier Hoff og legger til:

– Vil de gi flere foringer er det mulig, og vi som faglag kan ikke se det som et problem, sier hun.

Likevel forventer Hoff at jordbruksavtalen blir godkjent så lenge partene kom til enighet.

– Regjeringa må uansett sikre seg et flertall, da de er statens forhandlingsutvalg. Hvis det ikke skjer, burde det vært klart for partene at det var en reell risiko, svarer Hoff.

Lars Bilit Hagen

lars.hagen@nationen.no

ar på SV-medisin

som styrer engrosprisen, såkalla PGE.

Forslaget om å fjerne den mellombelse prisnedskrivninga på importerte forråvarer kan ifølgje Smedshaug skape store vanskar for den norske målprisen om forslaget blir sett uti livet.

– Viss den mellombelse ordninga blir fjerna, så vil det kunne skape store vanskar med å gjennomføre målprisen på korn og

svekke ei av dei viktige norske landbrukspolitiske ordningane, seier Smedshaug og viser til at det vil kunne bli bodkamp om kornet om ordninga blir fjerna og det blir store prisforskjellar på norsk og importert korn.

Smedshaug seier det òg er vanskeleg å sjå at kutt i kvalitetstilskotet for storfekjøtt vil stimulere til meir norsk produksjon av ei vare det er underdekning av i dag.

– Skapar vanskar

«Viss den mellombelse ordninga blir fjerna, så vil det kunne skape store vanskar med å gjennomføre målprisen på korn og svekke ei av dei viktige norske landbrukspolitiske ordningane.»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

Flere spørsmål til SV

Nasjonen har stilt fleire spørsmål til talsperson for SV, Torgeir Knag Fylkesnes, men vi har ikkje lukkast med å få svar i denne omgang.

Vi har bede Fylkesnes kommentere at fagfolk seier forslaga truleg ikkje vil gi auka sjølvforsyning.

Fylkesnes har òg fått spørsmål om auken på 100 millionar kroner i mjølkepris er tenkt tatt som auka målpris eller som auka pristilskot, om forslaget om auka PGE kan kome i strid med WTO-reglane og om dei samla budsjettoverføringane vil gå ned om forslaget blir vedtatt sidan kutta dels er tenkt erstatta med auka pristilskot.

Fylkesnes har svart at han ikkje rekk å svare så raskt på grunn av forhandlingar om revisert statsbudsjett.

Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no

